



FAGFORBUNDET

Årsberetning 2024

for

Fagforbundet avd. 546 Solund

Behandla av årsmøtet 30.01.2025

Innleiing	2
Styret har i perioden vore samansett slik:	3
Representantar til fylkesstyret representantskap/fylkesmøte	4
Representantar til LO Ytre Sogn	5
Valgkomité	5
Revisorar	5
Kontorforhold	5
Fagforeininga sitt organisasjonsområde - medlemmer og tillitsvalde fordelt på tariffområder. 5	
Fagforeininga sin klubborganisering	6
Medlemsutvikling	6
Møteverksemd i fagforeininga	7
Utvala sine verksemd	7
Ungdomsutvalet	7
Pensjonistutvalet	7
Seksjonsstyret for yrkesseksjon helse og sosial	8
Seksjonsstyret for yrkesseksjon kontor og administrasjon	8
Seksjonsstyret for yrkesseksjon samferdsel og teknisk	8
Seksjonsstyret for yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst	9
Andre utval i fagforeininga	9
Fagforeininga sine aktivitetar og utfordringar på kort og lang sikt.....	9
Andre lokale satsingsområde	10
Representasjon	10
Fylkeskretsen	10
Andre utval	11
Kurs og konferansar	11
Fagforeininga sin bruk av organisatorisk frikjøp/ «spleiselag»	11

Innleiing

Fagforeininga sin årsberetning er fagforeiningsstyret sin rapportering til medlemmane på i kva grad styret har lukkast med å gjennomføre handlingsplanen som årsmøtet 2024 vedtok for perioden.

Styret har i perioden vore samansett slik:

Fagforeiningsstyret	Namn	Godtgjersle	Ansvarsområde
Leiar	Connie Nybø	3500,-	Syte for at fagforeininga vert driven i tråd med Fagforbundet sine vedtekter. Overordna økonomiske ansvaret i fagforeininga. Har eit spesielt ansvar for at fagforeininga har rutinar og planar for verving av medlemmer. Syte for at årsmøtet vert kunngjort etter vedtektene og helde innan 31. januar kvart år. Ansvaret for at årsmøteterferat og rekneskap vert sendt fylkeskretsen snarast råd etter årsmøtet. Kalle inn og leie styremøte. Ansvar for fordeling av innkommen post.
Nestleiar	Gjertrud L. Trovåg		Skal leie fagforeininga når leiar er fråverande. Har eit spesielt ansvar for verving og informasjon til medlemmane
Opplærings- ansvarleg	Angelica M. Gåsvær		Ansvar for at styremedlemmane får dei kurs som er retta mot kvar enkelt sine styreverv.
Kasserar	Randi Storøy	3500,-	Har det praktiske ansvaret for fagforeininga sin økonomi. Ansvar for at revidert rekneskap vert lagt fram for årsmøtet. Har, i samarbeid med leiar, ansvar for at budsjett vert lagt fram for årsmøtet.
Fane 2 ansvarleg	Anna N. Eide	3500,-	Ansvar for medlemslistene. Sende ut ajourførte lister til seksjonsleiarar og tillitsvalde. Skrive ut lister over jubilarar. Føre inn kven som tar kurs/opplæring.
Sekretær	Anna N. Eide		Skrive referat frå styremøta og sende desse ut til styremedlemmer og varamedlemmer. Sende ut særutskrift av vedtekne saker. Ajourføre informasjonsmateriell til medlemmane og sende dette ut
Vara styremedlem	Hege Trovåg		Møte på styremøte ved forfall. Halde seg oppdatert ved å lese møteinnkalling og protokoll.
Vara styremedlem	Reidun Øvrebø		Møte på styremøte ved forfall. Halde seg oppdatert ved å lese møteinnkalling og protokoll.
Leiar yrkesseksjon helse og sosial	Ingelin Stølen		Alle seksjonsleiane har ansvar for: -arbeide med saker som vedkjem medlemmane

			-legge til rette for yrkesfagleg tilbod til medlemmane -arbeide med yrkespolitiske spørsmål -sørge for at tillitsvalte får yrkesfagleg kompetanse -gi merksemd til dei som fyller 30 og 40 år. -dele ut gåver frå leiar til 50 og 60 årsjubilarantar.
Vara	Stine Trovåg Sundal		
Leiar yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst	Ingrid V. Strand		
Vara	Erna L. Trovåg		
Leiar yrkesseksjon samferdsel og teknisk	Ingvar Mårstig		
Vara	Jørn Otto Olsen		
Leiar yrkesseksjon kontor og administrasjon	Marit Utvær		
Vara	Randi Storøy		
Hovudtillitsvald	Marit Utvær		Skal halde seg til hovudtariffavtalen, hovudavtalen, ferielova, permisjonsreglement m.m. og vere bindeledd til plasstillitsvald.
Vara	Ingvar Mårstig		
Leiar Ungdomstillitsvald	Cherry Javier		Skal arbeide spesielt for lærlingar, elevar, studentar og unge medlemmer.
Vara			
Leiar Pensjonisttillitsvald	Aslaug Nessen		Skal arbeide for å leggje til rette for at pensjonistane skal komme saman til sosiale aktivitetar.
Vara	Synnøve S. Engen		

Fagforeininga sin hovudtillitsvald frikjøp i 2024:

Verv	Navn	Frikjøpsprosent	Tariffavtale
HTV	Marit Utvær	15%	KS

Representantar til fylkesstyret representantskap/fylkesmøte

Til Fagforbundet Vestland sitt Representantskap/fylkesmøte har fagforeininga hatt følgjande representantar:

- Connie Nybø
- Vara: Gjertrud L. Trovåg

Representantar til LO Ytre Sogn

Connie Nybø

Valgkomité

Valgkomité i henhold til vedtektene har bestått av:

Leiar	Angelica Møgster Gåsvær
Medlem	Magdalena Piwinska
Medlem	Silje Helen Jakobsen

Revisorar

Til å revidere fagforeininga sin rekneskap, har det vore følgende revisorar og vara:

- 1: Tone Trovåg Fimreite
 - 2: Solbjørg Espeland Bjørøy
- Vara:

Kontorforhold

Fagforbundet i Solund har ikkje kontor.

Utstyr som Fagforbundet har: to datamaskiner, som vert nytta av Fane2 ansvarleg og nestleiar.

HTV har tilpassingsavtale med arbeidsgjevar om kontorplass og utstyr.

Økonomi

	Bankinnskot 31.12.2023	Bankinnskot 31.12.2024	Eigenkapital 31.12.2023	Eigenkapital 31.12.2024
Lagskonto	135311,22	67992,00	135311,22	
Sparekonto	19647,35	101041,00	19647,35	
Pensjonistkonto	2397,75	2800,00	2397,75	
Gjeld		-28137,00	-6095	
Sum		143696,00		

Sjå eiga sak i årsmøtet om budsjett og rekneskap.

Fagforeininga sitt organisasjonsområde- medlemmer og tillitsvalde fordelt på tariffområder

Fagforeininga har per 31.12.2024 medlemmer innanfor følgende tariffområder:

Rapporten tas ut på kode AG-R9011 i fane 2

Tariffområde	Antall medlemmer
KS	89

Fagforeininga sin klubborganisering.

(jfr. vedtektenes § 11.7).

Arbeidsgiver	Tariffområde	Navn på klubbleder (tillitsvalgt etter hovedavtalen)	Klubbstyre (JA/NEI)	Hvis NEI, hva er grunnen til dette?
Solund kommune	KS	Marit Utvær	Ja, og Nei	Klubbstyre er ikkje brukt som eit ord hos oss, men vi har det i praksis.

Medlemsutvikling

Fyll inn i skjemaet:

Fagforeininga sitt vervemål:		Fagforeininga sitt vervemål for yrkesaktive:			
Vervemål totalt:	Måloppnåing:	Vervemål yrkesaktiv:	Måloppnåing:		
5	7	4	5		
Medlemstal totalt:		Yrkesaktive totalt:			
01.01.24	31.12.24	01.01.24	31.12.24		
88	89	46	43		
Ta yrkesaktive medlemmar under 30 år:		Tal pensjonistmedlemmar			
01.01.24	31.12.24	01.01.24	31.12.24		
4	3	34	34		
Studentar:		Lærlingar:		Elevar:	
01.01.24	31.12.24	01.01.24	31.12.24	01.01.24	31.12.24
2	4	1	2	0	0
Tal yrkesaktive medlemmar KS		Tal yrkesaktive medlemmar Spekter			
01.01.24	31.12.24	01.01.24	31.12.24		
46	43	0	0		
Fagforeininga sitt					

vervemål for lokale satsingsområde			
01.01.24	31.12.24		
5	5		

Møteverksemd i fagforeininga

Årsmøtet var halde på Hardbakke i Solund 08.02.2024 og behandla følgande saker:

- Merknad til innkalling
- Val av møteleiar
- Val av skrivar
- Val av to til å skrive under protokoll
- Årsmelding 2023
- Rekneskap 2023
- Budsjett 2024
- Handlingsplan 2024 og 2025
- Val 2024

Det har vore 4 styremøte.

Vi hadde styrekurs i mai.

Styret har behandla 24 saker.

Saker som har vært tidkrevjande:

Det har vore eit utfordrande år for Fagforbundet Solund.

Årsaka er samansett, men vi har derfor ikkje fått gjennomført all aktivitet som var planlagt.

Andre møter /samlingar i fagforeininga sin regi:

Yrkesseksjon Helse og Sosial har hatt 2 medlemsmøte,

Pensjonist og uføreutvalet har hatt 1 medlemsmøte.

Arbeidsplassbesøk i regi av Yrkesseksjon Samferdsel og Teknisk

Utvala sine verksemd

Ungdomsutvalet

Ingen aktivitet dette året.

Pensjonistutvalet

Årsmelding for pensjonisttillitsvald 2024.

Året 2024 har vore uvanleg roleg, både lokalt og nasjonalt.

Det var inga samling nasjonalt på vårparten, slik det pleier å vere.

24 september kalla eg inn alle pensjonistar og uføre i vår lokale foreining, til sosialt samvære,og det var 14 påmelde.

Me hadde ein koseleg føremiddag, med enkel servering i Grendahuset, der eg orienterte litt om stønadskassen og kontigenten for pensjonistar no. Elles gjekk praten, som den plar, blant gamle kollegaer!

14 og 15 oktober var alle pensjonist og uføretillitvalde i Vestland kalla inn til konferanse i Bergen, på Clarion hotell Admiral. Det var to gode dagar, med gode føredragshaldarar, blant anna om eldreomsorga i Norge, og våre rettar som brukar og pårørande, og folk frå Verdighetscenteret, som snakka om kor viktig frivilligheitsarbeidet er.

Elles var det som vanleg gruppearbeid om forslag til Landsmøtet. Og «turgutta», dei som står føre, planlegg og gjennomfører dei kjekke turane fagforbundet arrangerer, både her i landet og utanlands, orienterte om dei som hadde vore dette året, og planer for neste år.

Då vil eg takke for året som har gått, og håpar på litt meir aktivitet i året som kjem!

Eide, 6 januar 2024

Aslaug Nessen,
Pensjonist tillitsvald.

Seksjonsstyret for yrkesseksjon helse og sosial

Utvalet si samansetning:
Leiar: Ingelin Stølen
Nestleiar: Stine Trovåg Sundal

Seksjonsstyret for yrkesseksjon kontor og administrasjon

Seksjonsstyret si samansetning:
Leiar: Marit Utvær
Nestleiar: Randi Storøy
Har delteke på styremøte.
Seksjonen har ved utgangen av 2024 4 medlemmer, det same som året før.
2 av medlemmane i seksjonen har faste verv i styret.

Det har ikkje vore særleg aktivitet i seksjonen i meldingsåret.

15.01.2025

Marit Utvær
-seksjonsleiar SKA-

Seksjonsstyret for yrkesseksjon samferdsel og teknisk

Utvalet si samansetning:

Seksjonsstyret for yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst

Utvalet si samansetning:

Leiar: Ingrid Anita Vaulen Strand

Vara: Erna L. Trovåg

2024 har vore eit stille år i seksjonen. Det har vore liten respons på å få til medlemsmøte, og på saker som vert sendt ut på melding. Som leiar i seksjonen har eg delteke på styremøta.

Som plasstillitsvald på skulen, har eg delteke på møter i lag med rektor og tillitsvald i utdanningsforbundet. Det har vore saker som går på arbeidstid, bemanning og drøfting rundt skuleåret 25/26. Det er interessant og fint å vere med på.

Strand, 20.01.25.

Ingrid Anita Vaulen Strand.

Andre utval i fagforeininga

Opplæringsansvarleg:

Mailer om kurs og opplæring har blitt videresendt til aktuelle kandidater.

Jeg har deltatt på teams møte ang utrulling av KLAR.

Deltok på styrekurs og på styremøter.

Mvh Angelica

Fagforeininga sine aktivitetar og utfordringar på kort og lang sikt

Denne våren kom vi ikkje i gang med styremøte. Det var arrangert styrekurs i mai, der 7 frå styret deltok.

Vi hadde lagt ein plan om å ha stand ved nærbutikken, og ha felles medlemsmøte. Dette vart ikkje gjennomført.

I november hadde yrkesseksjon Teknisk og samferdsel arbeidsplassbesøk, og var innom på brannstasjon og kommunehus.

Hausten 2024 planla Fagforbundet Solund å ha felles fagdag våren 2025 saman med Fagforbundet Hyllestad og fagforbundet Gulen. Arrangementet vil vere gratis for medlemmar. Tema vil vere "Kommunikasjon" og "Superkollega", v/Nina Nakling.

Heiltid, likeløn og kampen for mindre forskjellar

Fagforeiningas mål:

- Sikre medverknad i forkant av utlysingar.
- Krevje at stillingar som hovudregel lysast ut som heile faste stillingar.
- Arbeide for at deltidstilsette får auka stillingsprosent.

Gode offentlege tenester med egne tilsette

Fagforeiningas mål:

- Vere i forkant av politiske møter for å påverke og behalde offentlege tenester.

Organisasjonsbygging og tariffmakt

Fagforeiningas mål:

- Kartlegge vervepotensial og lage plan for å bevare og styrke forbundets posisjon.
- Verving av nytilsette.

Fag- og tenesteutvikling

Fagforeiningas mål:

- Få på plass kompetanseplanar i alle sektorar.
- Sikre at medlemmane får faglege tilbod.
- Arbeide for at det etablerast fleire læreplassar og at fleire tek fagbrev.
- Bruke EI-bil som miljøvenleg framkomstmiddel i kommunen.

Andre lokale satsingsområde

Representasjon

Oversikt over kva verv fagforeininga har hatt medlemmar i:

Fylkeskretsen

- Hege Trovåg, Nestleiar Yrkesseksjon Kontor & Adm. på fylket.

Fagleg/politisk utval

Er samarbeidsavtalen mellom Fagforbundet og Arbeiderpartiet fylgt opp med lokal avtale og aktivitet? Er det inngått avtale med andre politiske parti?

Har fagforeininga samarbeidsavtale med AP?	Om ja, sett inn ja	Om nei, beskriv kvifor ikkje	Kva skal til for å få dette til?
		nei	

Har fagforeininga inngått avtale med andre politiske parti?	Om ja, sett inn kva for politiske parti.		

Andre utval

HTV har faste med arbeidsgjevar saman med andre fagforeiningar.
AMU og ADMU har fagforbundet medlemmar.

Kurs og konferansar

Planlagde kurs og konferansar for tillitsvalte valt etter hovudavtalene.

Type kurs:	Tal TV gjennomført	Dato gjennomført	Registrert i AOF
Trinn 1			
Trinn 2			
Trinn 3			

Planlagde kurs og konferansar for tillitsvalte valt etter vedtektene

Type kurs:	Tall TV gjennomført	Dato gjennomført	Registrert i AOF
Trinn 1			
Trinn 2			
Trinn 3	1	april	
Temakurs i It`s Learning	1	april	

Andre kurs og konferansar

Type kurs	Arrangør	Tal deltakarar	Dato gjennomført
Styrekurs	Fagforbundet Vestland	7	mai
Pensjonist konferanse	Fagforbundet Vestland	1	oktober
Fagligpolitisk konferanse	Samarbeidskomite AP/LO Vestland	1	mai/juni

Fagforeininga sin bruk av organisatorisk frikjøp/ «spleiselag»

Har fagforeininga søkt om økonomiske midlar til organisatorisk frikjøp?

Fagforeininga nytta organisatoriske midlar til å dekke inn for tapt arbeidsforteneste på styrekurs for dei som deltok.